

VETTU OKA

Ei lokalavis for Myklabust,
Mykjå, Tuastad, Røyksund og
Fosen

Alle slags herlige nyheter fra et fantastisk flott område

September 2014

Lindøy - Historie forts.



Med utgangspunkt i fem flybilete over Lindøy frå 1955, 1964, 1978, 1982 og 1999 skal me i dette avsnittet sjå om me kan avdekke viktige trekk i utviklinga av landskapet på øya. Side 6-8.

Ognsurnå blir revy



Gudvald og gjengen i Ognsurnå er snart klare for scenen. Vi har besøkt Tuastadrevyen på øving. Side 9 og 10.

Høstbasar i Ognsurnå

Ognsurnå Vel arrangerer høstbasar. Vi finner ikke ord, så slå opp på side 7 og se selv.

Bli med i Vettu Ka

Nå kan du også være med å lage avis!
Les mer på side 15.

Hilsen fra Han Norante

Eg lyge ikkje når eg seie at der var sikkert tusen så dagligt hausta plommer. Dei holdt på i veker før det plutselig var tomt for frukt. Les mer på side 10.

Dugnad på Tuastad



Tuastad Bygdalag trenger din arbeidskraft. Lurer du på hvordan lønna er kan du lese mer på baksiden.

Førsta siå

Redaksjonen

Aina Froestad Hansen
Inger Lise Breivik
Rita Hellesund
Marita Breivik
Tor Bjørn Moen
Rolf Birkeland
Lewin Lewinsen
Harald Kjetland
Per Emil Mokleiv
Joar Falkeid
Kenneth Halleland (*Ognsurnå*)
Tor Inge Myklebust (*Han Norante*)
Signe Kjetland (*Korrekturleser*)
John Sverre Johnsen (*Illustratør*)
Iren Mæland (*Layout og design*)
Marit Stueland (*Fotograf og dikter*)

Tips!

Tips til saker og andre tilbakemeldinger mottas med takk.

Liker du avisen og vil støtte oss?

Det koster å trykke aviser og vi er avhengige av både annonsesalg og andre bidrag for å kunne lage Vettu ka. Vi takker for alle bidrag vi har fått og får.

Kontonr: 3361.16.31613. Takk!

Abonnement

De som ikke er så heldige at de bor i våre flotte bygder, kan få avisa tilsendt på epost eller lese den på www.vettuka.com. Send oss din epost på: vettuka@hotmail.com

Annonsering

Ønsker du å annonsere i Vettu ka? Ta kontakt på epost, så avtaler vi annonsestørrelse, hvilken utgave du vil annonsere i og om du har en ferdig annonse eller om vi skal lage en til deg.

Priser:

1 side: 1000 kr

1/2 side: 500 kr

1/4 side: 250 kr

facebook.com/lokalavisavettuka

www.vettuka.com

Kontakt oss!

vettuka@hotmail.com

990 47 707 (Rita)

416 90 706 (Inger Lise)

KIWI mini pris

Kjøp kjapt, trygt og billig

Strålende humør hos Kiwi Vormedal

Åpningstider:

Hverdager 07:00 - 23:00

Lørdag 08:00 - 20:00

Du finner oss i Vormedalsveien 340



Tuastad Revyen

For bestilling av billetter, ring Turid på tlf 52836594 eller 91685891

mellom kl. 17:00 og 20:00.

Pris: 350 kroner pr. billett.

Showet starter kl. 20.00 presis!! Dørene åpner kl. 19:00. Det blir som vanlig servert god mat etter forestillingen og det blir mulighet for å kjøpe forfriskninger i baren. (Husk kon-
tanter) Etterpå blir det dans og musikk fra husbandet.

Forestillinger på Tuastad Bygdahus


18. oktober

25. oktober

1. november


8. november

PS: Revyen søker sminkør, ta kontakt med Kenneth 97090850 om du har lyst å være med



Tegnet av John Sverre Johnsen

I dei neste utgåvene skal me få høyre meir om Lindøy, historia om folket som budde der og landskapet dei forma.



Kart over Lindøy og stadnamn som blir brukt i teksten. Ei rute på kartet tilsvara 500 m i terrenget.

Stadnamna fortel historie

Jamvel om Lindøy var ein liten gard hadde dei egen støl, ja til og med to stolar! Stølen (også kalt Norestølen) låg i norvest (der det no er bustadhus, mellom den nye og den gamle Fosnavegen like sør for Røyksundsbrua), medan Vesterstølen låg ved sommarhuset (sjå kart). I vår tid knyter me støl og seter til fjellet, men også langs kysten var det vanleg med låglandsstolar. Også andre stader på Haugalandet hadde folk sommarstolar som ofte ikkje låg langt frå tun og innmark. Ei gammal bok om ord og uttrykk i Avalsnes frå 1740-åra forklarar kva ein støv var: "En Platz uden for Gierdet, hvor Kiørne samles Morge og Aften, naar mand malter dem" (Leem 1923).

På Stølen og Vesterstølen gjekk dyra på beite i periodar då gras andre stader skulle sparast til slått eller seinare beite, og på stølen blei kyrne mjølka. Det var lettvent slik. I staden for å ta alle kyrne til heimefjøset, var det lettare for folk å gå til kyrne.

I dag er det ikkje lett å sjå at desse områda har vore stølsområde, men vegetasjonen er annleis her enn andre stader på Lindøy. Særleg på Vesterstølen er vegetasjonen framleis dominert av gras, som er det planteslaget som dominerer i beitemark og i slåtteteigar. Så lenge dyra gjekk på beite dominerte truleg grasa engkvein, engrapp og raudsvingel, men i dag er englodnegras og jordnøtt meir talrike (sjå bilde). Innslaget av dei høgvaksne plantene sløke og svartknoppurt viser at grasmarkene ikkje lenger blir beita. Ung bjørkeskog er i ferd med å etablere seg langs kanten av og inn i dei gamle stølsvollane, men framleis er det mogeleg å kjenne igjen dei gamle stølsområda ved hjelp av vegetasjonen. Plantedekket er såleis eit teikn, eit spor i landskapet, som kan fortelle om tidlegare bruk og virke. Me kan framleis sjå at her har vore beita og slått, 30-40 år etter at beitet tok slutt.

Like sør for Røyksundsbrua ligg ei austvendt li som folk på øya kalla Liå. På 1950 talet var Liå den einaste staden på øya med skog, men Norestølen var utan skog. Omkring 1955 blei det slutt med mjølkekyr og etter 1965 var det heller ikkje sau på beite. Beitepresset tok avtok derfor gradvis for 50-60 år sia. I dag står bjørkeskogen tett over det meste av Liå og Norestølen, og her finn me den eldste skogen på øya.

Mellom sommarhuset og løa går dei eit lite dalsøkk som lokalkjente omtalar som Dalen. Det er ikkje stort til dal, men folk som budde og levde på Lindøy hadde behov for namn på dei ulike delane av landskapet. Det var praktisk når dei skulle fortelle kvarandre kor dyra gjekk på beite, kor dei kunne rive lyng, kor dei skulle skjere torv osv.

Den austre delen av Lindøy blir kalla Storanes. I dalsøkket vest for Storanes ligg Storanesmyrå. I eldre tid gjekk desse områda under namnet Austramarka, som var skild frå resten av ein steingard. Det meste av denne er framleis synleg frå Storavik i sør mot Lindøytånå i Nord. Austramarka blei brukt som beite for både sauer og kyr og steingarden var viktig for å halde dei der. I mellomtida fekk gras på Stølen og andre stader vekse fram.



På Vesterstølen gjekk kyra på beite. I dag står skogen tett omkring dei gamle grasmarkene og jordnøtt (med kvite blomar) er talrik.

Lindøy sett frå Lufta.

Med utgangspunkt i fem flybilete over Lindøy frå 1955, 1964, 1978, 1982 og 1999 skal me i dette avsnittet sjå om me kan avdekke viktige trekk i utviklinga av landskapet på øya.



Innmarka og tunet i 1950-åra, sett frå aust. Våningshuset og løa var kvitmalte. Til høgre for våningshuset ser me hønehuset og den nordre bærhagen. I Liå var det bjørkeskog, men Norestølen er brukt som beite/slåtteng. Det meste av innmarka ser ut som eng, men me kan sjå ein stor åker (truleg potetåker) til høgre. I utmarka i framgrunnen og til venstre dominerer lynghei, heilt utan buskar eller tre.



Innmarka og tunet i 2002, sett frå aust. Skogen har spreidd seg til nye område. Bjørk er det dominerande treslaget, men me ser også at det fins einskilde grantre.



Lindøy på 1950-talet, sett mot sør frå nordsida av Røyksundkanalen. På den tida var det husdyr og full drift av garden. Til venstre for strandsitjarhuset ser me hesjestaur. Her var det tydelegvis slåtteng, men på 1920 talet og i 1965 var det potetåker her. I dag er det igjen eng.



Lindøy i 2002 sett mot sør frå nordsida av Røyksundkanalen.



Lindøy sett frå lufta 1955. Foto Fjellanger Widerøe

Lindøy 1955

I 1955 var Lindøy eit aktivt og veldreve jordbrukslandskap kor bonden og dyra hans forma grasmark, lynghei og myr. Liå var den einaste staden på øya med skog (bjørkeskog) og det var ei rand med lauvtre i overgangen mellom den søre delen av den dyrka enga og lyngheia på sørsida. Fleire område var dyrka og i bruk som åker, eng eller beitemark. Den sentrale delen av dette låg i den slake skråninga ned mot Makkavika.

Forts. Neste side



Til venstre:

Storanesmyrå er ei gammal torvmyr. Steingarden skilde utmarka i to. Den næraste (austre) delen blei kalla Austramarkå. På mange gardar på Haugalandet var utmarka delt i to av ein steingard, for å skille mellom kubeiter (nærast garden) og sauebeiter (lengre vekke)

Dette blei truleg brukt som åker, og på flybiletet kan ein sjå eit tydeleg vifteforma mønster frå tunet ned mot sjøen. Dalen, Vesterstølen og delar av området mellom Liå og Vesterstølen og delar av området mellom Liå og Lindøyvegen var truleg i bruk som eng. Det er tydeleg at alle desse områda var dyrka (det må eit trent auge til for å sjå dette i landskapet i dag).

Der parkeringsplassen ved Fosnavegen ligg i dag, låg eit ope vatn. Vatnet og området rundt blei kalla Myrå og var i bruk som torvmyr. Det var inga båthamn i Makkavik og heller ingen hytter i Storavik (dei første hyttene der kom like etterpå). Både i den nordre og søre delen av Makkaviksmyrå kan ein sjå torvskjør, dvs. opne grøfter og myrhol som blei fylt med vatn etter at torva var spadd ut.

2 av bildene viser korleis det såg ut på Lindøy på 1950 talet, og 2 er tatt frå dei same stadene i 2002.

I neste utgåve ska me få sjå utviklinga frå 1964 og til i dag.

Korleis landskapet har forandra seg og skogen har spreidd seg.

Tekst: Anders Lundberg, Institutt for geografi, Universitetet i Bergen.

For: Friluftsrådet vest



Familien oppstasa i søndagsklær, fotografert i Dalen. Bak trea kan me til høgre skimte løa og i midten ser me muren til den søre bærhagen.



HØSTBASAR
OGNSURNÅ
FREDAG 26/9 KL. 18.00
HOVEDBOK:
1HL. SPEKESILD
BRØDFJØL
FRUKTKORG
50kg KERRS PINK
BEVERTNING:
ERTERSUPPA
NATRONSKAKER
RIPSBÆRSJAF
KAFFI (TA MED KOPP)
ARR.
OGNSURNÅ VEL
SIGN: P. KALWANES

John Sverre 14

MELANGE

Ognsurnå blir revy

Tekst av Silje Kristin Berge

Den 18. oktober er det igjen klart for Tuastadrevyen.

Denne gongen er handlinga lagt til Ognsurnå, der me treff igjen fleire av karakterane me allereie har møtt i Vettuka. Me var innom og tok ein snik-kikk under øvinga.

Me møter opp midt under øvinga, og allereie utanfor bygdahuset høyrer me sang og latter frå sal og scene, eit godt teikn. Inne er 11 skodespelerar, tre musikarar, ein lyd og lysmann og regisøren sjølv, i full gong. Tekstane blir pugga, bevegelsane og mimikken justert, finpuss på musikk og lys. Alt skal på plass til premieren. Dei har øvd sidan påske, og no er det ikkje lenge igjen.

I år er handlinga lagt til kvardagslivet i Ognsurnå, der me møter Gudvald Ognsurnå, Peder Kalvanes, Mathias Høieholmen og resten av gjengen i den vesle, oppdikta bygda me kjenner så godt frå Vettuka. Historiane er nye, karakterane dei same, og alt, så nær som tre songar, er skrivne og regisert av Kenneth Hallemaland som har vore med sidan -92 og primus motor for Tuastadrevyen dei siste seks åra.

Det er eit vidt spekter på artistane, både når det gjeld kor dei kjem frå, alder og erfaring. Nokon er på scenen for andre året, medan Jan H.B Andersen har vandra rundt på revyscenar sidan 1958. Og det er langt frå berre lokale aktørar. Her er skodespelerar frå Håvik, Kolnes, Kopervik og Visnes.



Jan H.B Andersen som den eldre utgåva av Gudvald Ognsurnå.



Sveinung Helland og Iselin Larsen som Gudvald og Rannveig i sine yngre dagar.

Teksten fortsetter på neste side....



←
Til venstre:
Tor Inge Myklebust i Røyksundbussen, ein av dei mange rekvisittane han har snekra heime på Myklebust Mekaniske.



Rannveig Talartuten syng om dagane på telegrafan.

Når me kjem inn døra står Rannveig Talartuten (Sonja Håland) på scena og syng om arbeidet på telegrafan. Ho er, som navnet tilseier, svært glad i å prate, her er det ingenting som går hus forbi. Telegrafjobben passar henne difor perfekt. Sonja har vore med i revyen på Kolnes i fleire år, men det er fyrste gongen ho står på scena her på Tuastad, me håpar det ikkje blir den siste.

Bak skikkelsen Peder Kalvanes finn me Egil Vihovde frå Visnes, som har mange års sceneerfaring bak seg. Han har mellom anna spelt for fulle hus på Karmøy kino og Festivitetten, men også han har sitt fyrste år saman med gjengen på Tuastad.

Det er ikkje berre dei 16 me møter denne søndagskvelden som er aktive i revyen og gjer det gjennomførbart, det er dessutan ei komitègruppe med 30 flittige mennesker som gjer ein god innsats når showet startar. Dessutan har revyen trufaste sponsorar i Rema 1000 Norheim, Coop Obs! Bygg, Øklandhus, Bauge Auto, med fleire.

Den 18. oktober er det altså premiere og stykket blir spelt kvar laurdag i fire veker framover, men du må vera tidleg ute skal du sikre deg billett, dei brukar bli rivne vekk.

Sett av ein laurdagskveld, bli med på revy og dans, dette vil du ikkje gå glipp av.



Arne Kristian Stave Ytreland er med for andre året og spelar presten i stykket.



Kenneth Hallelund svarer på vridne spørsmål frå Vettuka sin pågåande journalist.



Rannveig, Gudvald og Peder Kalvanes (Egil Vihovde)

Hei igjen te deg så e så heldige å få avisa enten via satellitt eller i papir.

Eg synst det e så flott å kunna sei at det haustas. Eg meine jo, sikkert i sammen med adle, at i år så kan me sei det itte ein fantastiske sommar. Den har vart så lenge at frukt og bær har modnast så dei ska, og finværet kjennes på smaken. Me hadde et plommetre med opalplommer så me rett og slett gav vekk te sjølplokk. Eg lyge ikkje når eg seie at der var sikkert tusen så dagligt hausta plommer. Dei holdt på i veker før det plutselig var tomt for frukt. Nei ikkje folk, men VEPS. Det e nåke av det gråvaste eg har vore med på. Men oppi all sommingå så var der faktisk møkje bier som òg va å henta søtsaker. Det va positivt synst eg. Det har vore dårlig med bier dei siste årå. Å så e det viktig å ha blomster så gir biene det dei e ute itte. Så håpa eg at neste fruktblomstring kan bevisa at biene er tebacke igjen. Dei e faktisk viktige bidragsytara angående det å dyrka matprodukter i naturlig framstilling.

Ellers så har det vert travle dagar med alt som e kjekt når været e med oss. Det som eg har svikta mest på e å komma meg ut på sjøen. Vett ikkje, men akkurat så tiå og timane ikkje rekke så langt lenger. Men båten og sjøen ligge der og det e barra å prioritera rett, så kan det lett gå godt det òg. Hausten og fisking ligge å vente, så då e det barra å gå om bord.

Så e det innspurt angående årets Tuastad revyen 2014 og forbedelser og øving e i full gang. Utstyr te scenen e laga, og i år rulla det ut ein buss, kombinert hb- apparat/bokhylla og telefonsentral. Alt laga i verkstedet mitt. Kjekt å leka syns eg.

Velforeningen:

Ettårsdagen blei feira i låå til Karin og Erling. Ein koselige fredagskveld den 05.09 med ca 20 naboar som va samla te oppsummering og kos. Nye naboar va med, og foreningsgrensene som blei satt for ett år siden e utvida. Godt tegn når fleire vil vara med i gjengen.

Det ska innkallast te aktivitetsdag i verkstedet mitt der foreldre, besteforeldre og ongar ska få vara med på ein aktivitet som går ut på å snekra fuglahus som me ska henga opp i naturen ront oss. Kjekt for adle å ha nåke så adle kan kikka om når dei e ute på tur. Tror detta er viktig for å bryta litt med trender som ongene våre e så opptadde av i dag. Fingrane deiras må få litt fred fra nettbrett og spill. Får nettbrettet fritt leide så blir dei hekta og det er vanskelig å bryta dessa «uvanane».

Må og nevna detta med revyen våres på Bygdahuset.

Det e ein formidabel innsats fra adle deltakarane (som telle ca 30 stk) som er innvolverte for å få detta te å bli minnerikt, og som gir gøtts for adle som e med. Derfor er det viktig at dokke komme og ser på oss. Husk at det kjekkaste me vett e når adle kosa seg og har det løye på ein lørdagskveld. Det e detta så gir oss energi, og at me faktisk gleda oss te neste års revy. Me gleda oss t å møta dokke.

Då er det på tide å ronda av denna gongen òg. Går det i baddel for deg nå, så e det ikkje deg det e noe gale med.

Stakkars mann, sa psykiateren. Kan du fortelle meg hvorfor du drikker så mye?

- Jeg skal forsøke å forklare det hele, sa pasienten.

- Jeg ble forelsket i en enke som hadde en voksen datter. Jeg giftet meg med enka, og en stund senere giftet min far seg med min stedatter. Derfor ble min kone og jeg svigerforeldre til min far. Etter en stund fikk min stemor, altså min kones datter, en sønn. Og den gutten ble naturligvis min bror, ettersom han er min fars sønn. Men, han er også sønn til min kones datter, og derfor ble min kone guttens bestemor og jeg ble bestefar til min bror. Så fikk min kone og jeg en gutt, og han ble min fars svoger. Min sønns stesøster er jo da også hans farmor - ettersom min far en hans farfar. Min far er altså mitt barns svoger, ettersom hans søster er fars kone. Jeg er altså bror til min egen sønn. Sønnen min er min farmors nevø og jeg er farfar til meg selv. Jeg er bror til min far og samtidig både sønn og far til ham. Min kone er min stemor, mor, svigerinne og stedatter. Jeg er far og sønn til meg selv!

- Bare fortsett å drikk du, sa psykiateren.

Då vil eg ønska adle ein fortreffelige haust, og nyt kvart minutt så komme.

Hjerteligt fra han norante



Redaksjonen i Vettu Ka søker flere medarbeidere



Vettu Ka trenger flere som vil intervju folk og skrive saker for avisa.

Er du mellom 12 og 100 år, interessert i bygda vår, glad i å skrive, lærevillig og positiv?

Da passer du inn i Vettu Ka.

Ta kontakt med

Rita tlf 99047707 eller Inger Lise 41698706

for spørsmål, eller send en søknad til

vettuka@hotmail.com



BRANN I VANN

Som en liten brann

i vann

så estetisk

på avstand.

Noe nyttig

må det vel være

også med

dette uvennlige vesen

som kun

er hatet, hatet, hatet.

Marit Stueland

Marit Stueland

Velkommen til hyggelig handel på REMA 1000 Norheim!

Mandag 6. oktober flytter vi inn i nye flotte lokaler
i Oasen Senter!



-37% **25⁰⁰**
PR. PK

HEL GRILLET KYLLING
Solvinge, 850 g, 29,41 pr. kg, førpris 39,90 pr. stk




KUTTET **5⁰⁰**
PR. KG

POTETER
Løsvekt, 5,00 pr. kg



NORSK NÅ! **18⁸⁰**
PR. KG

NORSKE EPLER
18,80 pr. kg



-33% **198⁰⁰**
PR. KG

Fersk
STORFE YTREFILET
Import, Premio, 198,00 pr. kg, førpris 298,00 pr. kg



59⁵⁰
PR. KG

Ferskt
FÅRIKÅLKJØTT AV LAM
Nordfjord, 59,50 pr. kg



98⁰⁰
PR. KG

Ferskt
KLOSTERLAM FÅRIKÅLKJØTT
98,00 pr. kg



109⁰⁰
PR. KG

Ferske
LAMMELÅR SKIVER
109,00 pr. kg

Gjelder Rogaland til og med 27.09.2014 - Kun til private husholdninger. Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og at noen varer kan være utsolgt.

REMA 1000

Skolebilder fra gamle dager



Fosen Skole i 1955.

Fremst fra venstre: Bodil Jørgensen, Bjørg Osmundsen, Reidun Holgersen, Solrun Amdal, Karl Johan Våga, Harry Edvardsen, Peder Eriksen og Kjell Våga.

Bak fra venstre: Marit Leirvåg, Oddbjørn Kristoffersen, Else Marie Eriksen, Solveig Fosen, Oliver Amland, Jakob Helgeland, Egil Lokna, Jakob Fosen, Magne Jørgensen, Hjalmar Lokna og Arne Rossevik.


Tuastad Skole i 1939.



Første klasse ved Tuastad Skole i 1939. Det var kun 6 elever i første klasse.

Fra venstre: Sylvia Bårdsen, Valborg Myge, Kåre Vesterøy, Magne Lyngheim, Torvald Jakobsen og John Eiternes.

Kilde: Fastlands Karmøy, Gamle Glimt Bind 1
Marit Karin og Jan Alsvik



Har du hørt om den svenske sportsidioten som heiet på ozonlaget?

HiHi!

Lett valg

"Min kone sa at jeg måtte velge mellom henne og fotballen."

"Det var leit."

"Ja, i grunnen, jeg kommer til å savne henne."

HoHo!

Bestemor til barnebarnet:

"Når jeg hoster, holder jeg en hånd for munnen. Det må du også lære deg!"

"Det trenger jeg vel ikke, mine tenner sitter jo fast!"

HaHa!

Gåte: Vet du hvorfor kineserne ikke sier takk for maten?

Svar: De snakker ikke norsk



Hanna Jacobsen, 13 år , fra Røyksund

har tegnet denne fine tegningen

Liker du å tegne?

Vi blir veldig glade om du vil sende tegninger til oss, eller om du har en god vits eller noe annet du vil dele. Vi trykker det vi får plass til med navnet til avsenderen.

Send via brev eller epost til

Rita Hellesund

Spannavegen 990

5546 Røyksund

rita@mary-k.no/vettuka@hotmail.com

Lagsmøte den: 8. sept. 2014

Disse møtte: 10 stk

1: Velkommen

2: Godkjent referat fra sist møte: ok

3: Økonomi: Laget har fortsatt god økonomi

4. Går igjennom referat fra styremøtet fra 18/8

Brev fra kommunen vedrørende inspeksjon av hus.

Brann og plan over brannsikkerhet/tiltak

Ref. svar på brev om skilting til Bygdahuset fra T-forbindelsen og parkering for pendlere v/Spannavn:

Vi kan søke om serviceskilt til å ha i Røyksund, må ha i begge retninger på t-forbindelsen samt et skilt rett etter avkjørsel som viser pil nordover til huset. + et skilt borte i veien som viser inn til huset.

Dugnad på huset innvendig før revy (vask + diverse):

Begynner på onsdag, henge opp/fikse og ordne kulisser samt vaske ut av huset før revyene starter.

Radlekafé:

Går bra 18-20 stykk møter hver gang, 3 kaféer til nå i høst. Vi har fått 5000,- i støtte til transport for eldre, Per Emil hører om det er interesse for en felles busstur til Røldal/Suldal (andre plasser?) på neste kafé.

Revy:

Start 18/10, 4 helger på rad. Kenneth har fått mange annonser til revyblad. Godt jobbet!! Kenneth har også ansvar for komitéer, ta kontakt om du har lyst å være med!

Påmelding: **Turid og Per Emil** har ansvar for påmelding, Tlf: 52836594 / 91685891. Mellom klokken 17-20.00.

Dørene åpner 19.00, Revystart 19.30. Pris: 350,- pr person.

Pynting/border: Line Dance gruppa ordner til border. NB! Per Emil og Turid ordner til border til 1. revyen.

Skalkefest 14/2-2015

Fortsatt stoler til salgs: 50,- pr stykk

Feiring av 50 års dag: Veldig fornøyd jubilent

Tora Dyngens bortgang: Bårebukett fra bygdalaget.

Postboks: Signe har overtatt nøkkel

Selvforsvarskurs: Ønske om å leie hus til kurs for jenter/damer i november.

5: Høstmarknad :11. oktober kl 11-16.00.

Eva og Bente ordner utstillere/kafé. Bygdalaget stiller med stol og border.

Vegger og annet må utstiller ta med seg selv om de ønsker å ha det på sin "stand".

Annonse i Vettuka, både ang. utstillere og ønske velkommen til marknad.

6: Søndagsmiddag 28.09.14:

Hører på lagsmøtet om noen har anledning til å stille.

Per Emil, Turid og Jorunn Simonsen sa ja til å være med i komiteen.

7. Leie av huset:

Saniteten ønsker å låne huset 27.09.14, ok fra styret J

Lefsebakekurs, klokken 10-14.00, Påmelding Bente Rose/Berit Våge

8. Brannøvelse:

Gjennomført 8/9. Alle mann ut på parkeringsplass, "ringt" brannvesen og stengt gass på utsiden av huset.

9. Årsmøte: 9/2-15

10. Politiske saker:

Er et ikke-tema i laget- meninger og synspunkter i forhold til politiske saker skal ikke diskuteres i laget. Står i vedtekter at bygdalaget skal være "frilynt".

11. Kaffe komité:

Björg overtar for Britt Randi, da hun ikke har mulighet til å både være i styret og kaffe komité samtidig.

September 2014

d/mnd/dag - Ka så skjer

20/9 Lørdag - KM joller (Optimist, Zoom8, Laser)
(HS)

21/9 Søndag - KM joller (Optimist, Zoom8, Laser)
(HS)

24/9 Onsdag - Radlekafè 11-13 (TB)
- Trening jollegruppen 17.00 (HS)
- Dugnad på Bygdahuset 18.00 (TB)

25/9 Torsdag - Linedance 18.00 (TB)

27/9 Lørdag - Lefsebakekurs 10-14 (TB)

28/9 Søndag - Søndagsmiddag 13-15 (TB)

Oktober 2014

d/mnd/dag - Ka så skjer

1/10 Onsdag - Radlekafè 11-13 (TB)
- Trening Jollegruppen 17.00 (HS)
- Dugnad på Bygdahuset 18.00 (TB)

2/10 Torsdag - Linedance 18.00 (TB)

6/10 Mandag - Sanitetstreff 19.00 (TB)

8/10 Onsdag - Strikkeklubb 19.00 (FB)

13/10 Mandag - Lagsmøte 19.30 (TB)

Dugnad på Tuastad



Tuastad Bygdelag trenger din arbeidskraft noen timer
onsdager fra klokken 18.00.

Det gjenstår noe spylearbeid ute og loftet skal ferdigstilles.

Dersom du kan hjelpe til noen timer, kan du kontakte
Per Emil tlf 901 92 240 eller Harald 920 117 54
for nærmere info, evt om hva som er lurt å ha med av
utstyr.

På forhånd takk :-)

TB= Tuastad Bygdelag

FB = Fosen Bygdelag

B= Bedehuset

HS= Haugesund Seilforening

RV= Røyksund Velforening